



## Notat

Dato: 28.11.2017  
Arkivsak: 2016/9024-39  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Nye retningslinjer om rett på skoleskyss når foreldre er flytta frå kvarandre - orientering**

23. august mottok Skyss, saman med dei andre fylkeskommunane/kollektivtrafikkelskapa, e-post frå Kollektivtrafikkforeningen med vedlagte brev frå Undervisningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet som inneber nye retningslinjer om skyssrett ved delt bustad. Brevet frå Kunnskapsdepartementet til Sivilombudsmannen gjev svar på spørsmål om retten på skoleskyss i tilfella der foreldra er flytta frå kvarandre, og elevar får to bustadsadresser. Innhaldet i dette brevet inneber ei utviding av retten til skoleskyss i høve til i dag, og vil derfor medføre auka kostnader til skoleskyss.

#### *Tidlegare praksis når elevar har to bustadsadresser:*

Etter opplæringslova § 7-2 har elevar som bur to km (1. årstrinn) eller fire km (2-10. årstrinn) rett til gratis skoleskyss. Etter tidlegare retningslinjer har eleven sin «bustad» i høve til rett på skoleskyss, vore tolka som heimen til den som har forsyttansvaret for barnet, og frå begge adresser når foreldra har avtale om delt bustad. Ved delt bustad vart det praktisert eit krav om minimum 60/40 bustadsfordeling for å kunne søke om skoleskyss. Ved lågare bustadsfordeling og med ordinært samvær vart det ikkje gjeve skyss frå den av foreldra som ikkje har forsyttansvar.

#### *Nye retningslinjer når elevar har to bustadsadresser:*

Departementet viser til at retten til skoleskyss ikkje kan avgrensast berre til bustaden til den som har forsyttansvaret etter barnelova, og at alle typar samvær med begge foreldra etter ein føreseieleg avtale skal gje rett på skoleskyss etter opplæringslova. Det vert også presisert at det ikkje kan bestemast nokon nedre grense for bustadsfordeling for å få transport. Tilfeldige besøk utanom ei regelmessig ordning gjev ifølgje departementet framleis ikkje rett på skyss.

Skoleskyssreglementet vert endra med verknad frå 1. januar 2018 i tråd med nye retningslinjer (grunnskolereglementet pkt 7.2. og reglement for vidaregåande skole pkt. 9.3):

#### Delt bustad

Når eleven sine føresette er flytta frå kvarandre, og får to bustadsadresser, har eleven rett til fri skoleskyss frå begge foreldra etter reglane i kap. 2. Retten på skyss gjeld dei dagar og tider som er fastsett i avtale mellom dei føresette, og som på førehand er innmeldt til Skyss.

### *Økonomi*

Det er ikkje kjent kva dei økonomiske verknadene vil bli med dei nye retningslinene, utover at utviding av rettane til skuleskyss svært truleg vil føre til auka kostnader. Erfaringa frå dei gamle retningslinene syner at ein del foreldre busetter seg langt frå kvarandre og utanfor skolekrinsen kor det ikkje er planlagd eit busstilbod til skolen. Dette utløyser i ein del tilfelle kostbare drosjereiser.

Ein har prøvd å gjere ein berekning etter nokre overordna føresetnader om statistikk på born med delt samvær, andel drosjereiser etter gjeldande reglar, og gjennomsnittleg drosjepris på skolereiser. Det er stor uvisse knytt til i ei slik berekning, men utifrå ovannemnde føresetnader, har ein rekna at det potensielt kan medføre ei kostnadsauke på om lag 8 mill kr. Dette føreset ein høg utnyttingsgrad av dei nye skyssrettane og same køyremønster på drosjereiser som skoleskyssen elles.